

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Maria bodskapsdag – 21. mars 2021

Preiketekst: Luk 1,46-55

Lesetekst I: Jer 33,14-17

Lesetekst II: Ef 1,3-6

«Folkefrelsar, til oss kom...

*Folkefrelsar, til oss kom,
fødd av møy i armodsdøm!
Heile verdi undrast på,
kvi du såleis koma må.*

Til dagen

Maria bodskapsdag er ein viktig dag i kyrkjeåret. Det er fint å kunna dykka ned i det store underet, at Gud blei menneske, også utanom julehøgtida. Dagen handlar ikkje bare om Maria og hennar teneste og lovsong. Den handlar om det som skjedde då Jesus blei født.

«Før kirkefedrene var inkarnasjon og frelse to sider av samme sak. (...) Slik de ser det, forenes i Jesus Kristus det helt uforlikelige. Det ubegrensede med det begrensede, det evige med det forgjengelige, det opphøyde med det fornedrede, det allmechtige med det svake. Og den paradoksale enheten blir mulig fordi Jesus er et helt virkelig menneske. Maria er garantisten for det. Han ble til i hennes livmor og vokste under hennes hud – slik som vi alle har blitt til inne i en kvinne.» (Erling Rimehaug i Vårt Land 15.12.2020).

Lesetekstane

Teksten frå Jeremia er henta frå eit avsnitt om frelse for Jerusalem og Juda. Herren skal oppfylle den gode lovnaden; Messias skal koma som ein evig etterfølgjar av David. Han er «ei spire» som kjem med rett og rettferd. Herrens spire er eit av namna som blir brukt om Messias, sjå Jes 4,2 og Jer 23,5f.

Teksten frå Efesarbrevet er ei lovprising som tar oss med tilbake til skapinga, ja, til og med til æva før skapinga. Det dreier seg om Guds store plan om utveljing, ei verdshistorie med Kristus i sentrum. Utveljinga er kollektiv; det er snakk om me og oss. Efesarbrevet legg stor vekt på at frelsa i Jesus Kristus sameinar jødar og ikkje-jødar (Ef 2,11-22).

Preiketeksten

Lukas gir oss Maria sin versjon av alt som skjedde før Jesu fødsel og i barndomen hans, ho som gøymde alt i hjartet sitt og grunda på det (2,1 og 2,51).

Marias lovsong blir til i møtet med den eldre slektningen og støttespelaren Elisabet, eit møte mellom to sterke kvinner som begge har ei viktig teneste i overgangen mellom den gamle og den nye pakt. Lovsongen er ein del av ei større forteljing som går frå vers 39 til vers 56.

Marias lovsong er kjent som *Magnificat*, etter det første ordet i den latinske omsetjinga. Songen er ein hymne som er prega av gamle lovsongar i 2 Mos 15, Dom 5 og 1 Sam 2. Hymnen er forma som klassisk hebraisk poesi, for eksempel ser me allereie i v 46f den typiske hebraiske parallellismen med éi utsegn om mi sjel og éi om mi ånd. I innhaldet er hymnen fylt av ord og uttrykk frå ulike delar av den hebraiske bibelen.

Hymnen opnar i vers 46-47 med ei stor glede. Maria «frydar seg», eit uttrykk som går igjen i forhistoria til Jesu fødsel, jfr 1,14 og 1,44.

Gud blir kalla Herre og frelsar. Dette er ord som sidan blir brukt om barnet som Maria ber. Frelsarperspektivet viktig for Lukas; Jesus er frelsar (2,11), han kjem med frelse (19,9) og bodskapet om Jesus er til frelse (Apg 13,26 og 28,28).

I vers 48 gjentar Maria at ho er ei tenestekvinne, jfr. 1,38. Uttrykket «frå no av skal alle slekter prisa meg sæl» seier at verda ikkje lenger er den same. Gud skapar noko nytt. I ettertid ser me at det dreier seg om den nye pakt knytt til frelsa i Jesus Kristus.

I overgangen frå vers 49 til 50 endrar perspektivet i lovsongen seg. Guds miskunn med Maria viser seg å vera ein miskunn mot *alle som ottast han*.

Når det står at Gud *gjorde storverk med sin sterke arm* er dette ein såkalla antropomorfisme, det vil seia eit uttrykk der teksten brukar menneskelege eigenskapar for å skildra Gud. Det er mange slike i GT, me møter for eksempel Guds arm i 2 Mos 6,6 og Sal 89,11.

Når det står at Gud *spreidde dei som bar hovmodstankar i hjartet* dreier det seg om menneske si haldning og tankegang. Lukas viser oss mange situasjonar der hovmodet blokkerer for å sjå Guds nærvere: sjå 5,21-22; 5,30; 7,39; 13,14; 16,14-15 og 18,9.

I vers 52-53 får me sterke utsegn om Gud som snur alt om i verda; han sender dei store nedover samtidig som han løfter *dei låge* opp. Det same forkynner Jesus i Slettepreika, som hos Lukas svarar til Bergpreika hos Matteus, gjennom sterke ord om dei sæle og usæle i 6,20-26.

Lovsongen kulminerer med dei sterke orda i vers 54-55 om at Gud oppfyller sine løfter til Abraham og hans ætt gjennom det som skjer ved Jesu fødsel. Dette fører oss tilbake til 1 Mos 12,2-3 der Herren lovar at alle slekter på jorda skal velsignast gjennom Abraham og hans ætt. Den ikkje-jødiske Lukas la stor vekt på Guds løfte til

Abraham (og hans ætt) i mange ulike samanhengar i forfattarskapet sitt, sjå 1,73; 3,8; 19,9; Apg 3,25; 7,2-17.

Guds miskunn (hebraisk: *chesed*) er eit sterkt uttrykk for Guds trufaste kjærleik. Sjå for eksempel 2 Mos 34,6. Det at Gud skal koma i hug si miskunn, finn me både som bønema (Sal 25,6-7) og som stadfesting (Sal 98,3). Og med tanke på at dette blir knytt til Jesu fødsel, kan me seia at ingen har vist oss Guds trufaste kjærleik, hans miskunn, som Jesus har gjort!

Marias lovsong tolkar det som skal skje ved Jesu fødsel. Ho lovprisar Gud for hans store og trufaste kjærleik. Det han har gjort mot henne personleg, blir utvida til å gjelda alle som ottast han (vers 50). Gud løftar dei fattige, låge og svoltne som henne (vers 48, 52-53), og det veit me at Jesus heldt fram med. Gud tok seg av Israel, sin tenar, ved å oppfylla sine løfte til Abraham og hans ætt (vers 54-55). Han som skulle bli født, er frelsaren for *alle slekter på jorda* (1 Mos 12,3).

Til preika

Eg foreslår å bruka den gamle adventssalmen *Folkefrelsar, til oss kom*. Salmen, som går heilt tilbake til kyrkjefedrane si tid, tar oss på ein flott måte inn i undringa i møte med Jesu fødsel. Fortellinga om Maria begynner med det undrande spørsmålet *Korleis skal dette gå til?* Og den går over i den store lovsongen, som er dagens tekst.

Eg vil også visa til eit par andre homiletiske tilnærmingar.

Olav Skjevesland skriv om å ta teksten ut i livet gjennom stikkorda tiltale, tro og takk. «*Tiltalen* blir en påminnelse om å gi Gud det som rett er: takk og tilbedelse. *Troen* hører en trefoldig lovprisning til Gud som (1) frelseren i Marias liv, (2) som den suverene Herre i folkenes historie og (3) som den som er trofast mot sin tjener Israel. *Takken* går til Gud som – i sin høyhet – samtidig er nær de små på jorden.» (Olav Skjevesland: Ord til tro. Verbum 2011. Side 140)

Carl Henrik Martling skisserer ei preike med denne disposisjonen:

HELA GUDS KYRKA SJUNGER MED MARIA

1. – med helig förundran över Herrens mäktiga verk
2. – med himmelsk fröjd över frälsningens närhet
3. – med saligt jubel över Herrens storhet

(Carl Henrik Martling: Mitt i verkligheten, bd 1, Göteborg 1983, side 119)

Elles har eg i dette tekstarbeidet hatt stor nytte av Luke Timothy Johnson: *The Gospel of Luke*, Sacra Pagina, Minnesota 1991.

Arne Berge

sokneprest i Hinna, Ytre Stavanger prosti

berge.arne@gmail.com